

Styremøte i NBF Sogn og Fjordane 16/8-04 kl 18.00-21.00 på Breim.

Desse møtte: Jonill Storøy, Lisbeth Yri, Kai Lille-Homb, Njål Kjørvik, Ole Jonny Grøneng og Haldor Sunde.

Sak 1 KM lag

Vedtak

KM lag vert arrangert med fri påmelding til A, B og C-pulje. (Jf vedtak på kretstinget)
Det vert ei A-pulje med 8-12 lag. Antal B-puljer vil vere avhengig av kor stor påmeldinga er. C-pulja er i hovudsak tiltenkt "ferske" spelarar.

A-pulja vert lagt til Førde. B-puljene og C-pulja vert søkt lagt til spelestadar der hovedtyngda av spelarane kjem frå.

Ved overtegning til A-pulja vil kretsstyret anvende skjønn med hensyn til å plassere lag i puljer.

KM-lag vert avvikla over ei helg i oktober.

Pris pr lag: Kr 1 200,- i A og B
Kr 1 000,- i C

Ein gjer merksam på at det **ikkje** er krav om spelarlisens for å delta i KM-lag.

Sak 2 Terminliste

- SM – rekrutteringsdivisjon
- Ferskingturnering
- Maiturnering
- Km singel

Vedtak

SM-rekrutteringsdivisjon: Ole Jonny utredar denne saka.

Ferskingturnering: Blir ikkje fastlagt førebels. Ein vil forsøke å få ein av klubbane til å ta seg av arrangementet.

Maiturnering: 23-24 april vil verte arrangert singelturnering på Sogndal hotell. For å få ein så lav startkontingent som mogleg vil ein ha liten premiering. Startkontingenten skal dekke kostnadane med husleige, kort, turneringsleing og forbundspoeng.

Km singel: Turneringa 23-24 april blir samstundes KM-singel, sjølv om turneringa blir åpen for spelarar frå alle kretsar.

Sak 3 Utvalga

Vedtak

Kvinneutval

Aud Marit Hage har blitt spurt om ho kan tenke seg å vere leiar.

Historieutval

Asbjørn Feten oppnevner dette.

Turneringsutval

Lisbeth Yri – leiar

Andre medlemmar i utvalet blir Hans Hermann Kalhagen, Odd Raad og ein person frå Førde BK.

Rekrutteringsutval

Ole Jonny Grøneng – leiar

Ei rekke kandidatar til å vere med i dette utvalet vart foreslegne, og Ole Jonny vil ta ein ringerunde.

Sak 4 Besøk i klubbane

Lisbeth, Jonill og Ole Jonny utreder dette.

Sak 5 Tevlingsleiarkurs

Lisbeth vil innhente tilbod frå Tommy Sandsmark. Jonill vil ta kontakt med Hordaland krets og Møre og Romsdal krets om eit evt samarbeid om dette.

Sak 6 Eventuelt

Kretsstyret vurderer å legge alle turneringar som kretsen skal arrangere i Førde til Førde Hotell. Det er aktuelt å kjøpe inn bridgebord der hotellet tek halve kostnaden.